



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3767 - 19/1885

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
18.01.2019

Oversending frå Lindås kommune på framsett klage på delvis dekning av saksomkostningar - gbnr 233/6 Eide indre

Lindås kommune viser til brev frå Harris Advokatfirma AS, datert 14.11.2018 og mottatt 19.11.2018, der kommunen har fått klage på delvis dekning av saksomkostningar pålydande kr 28.680,-. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Lindås kommune gav i skriv, datert 30.10.2018, Harris Advokatfirma AS delvis dekning for deira krav om dekning av saksomkostningar:

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 36 vert krav om dekning av saksomkostningar for utgifter til advokat etter at klage på avslag om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad som våningshus vart omgjort av PMU i møte 29.08.2018, delvis innvilga.

Det vert innvilga saksomkostningar med kr. 11.718,75 ink. mva. Summen vert innbetalt Harris sin klientkonto 9521.35.73366 og merka med saknr. 106146.

Kommunen vil vise til sin argumentasjon i skriv av 30.10.2018 med tillegg av følgjande merknadar:

I denne saka er det samla kravet kr 28.680,-. Lindås kommune kan ikkje så at saken har vore av ein slik kompleksitet at kravet skal vere av denne storleiken. Vurdert utifrå at det er eit enkelt rettsgrunnlag og faktum i saken, framstår kravet som urimeleg høgt.

Ved søknad om dispensasjon er det ikkje krav til ansvarleg søker. Tiltakshavar kan sjølv søkje dispensasjon og klage på vedtak. I klageomgangen endra administrasjonen si innstilling frå avslag til positiv innstilling på bakgrunn av dei nye opplysningane tiltakshavar kom med i sin driftsplan for å få ein levande og verksam gard i nærliggande framtid, sjå klage til PMU, datert 29.08.2018, side 14, femte avsnitt:



Administrasjonen la til grunn i vedtaket det er klaga på at omsyna bak LNF-føremålet ikkje vert vesentleg sett til side ved å oppføre einebustad slik det er søkt om. Det har kome fram nye moment i saka som styrkjer dette standpunktet. Det er eit klart mål frå klagarane si side å kunne byggje opp garden på sikt som ein fruktgard og med bær dyrking, grønnsakdyrking honningproduksjon, produksjon av egg samt undervisning og gardsturisme. Desse framtidige tiltaka bygger opp under produksjon på garden og samsvarer med KPA omsynsone landbruk, sjå «Garden som ressurs» side 8-10. Ein einebustad i form av våningshus på garden vil vere ein viktig og nødvendig ressurs for landbrukseigedomen og arbeidet med å ta vare på og halde i hevd bygningar og det kulturlandskap som gjer seg gjeldande.

Sjå klage til PMU, datert 29.08.2018 side 15, første avsnitt:

Administrasjonen har i vedtak av 23.05.2018 lagt vekt på at det er andre bustadområder i nærleiken som kan nyttast som bustadtomt. Det har i klagen vært eit større fokus på den framtidige drifta som skal igangsettast. Det er nye opplysningar i høve garden si potensiale som fruktgard og andre tiltak som byggjer opp under ønsket om å få garden i drift. Med den meir spesifiserte framtidsplanen for garden, framstår det for administrasjonen naudsynt å kunne føre opp eit våningshus for å igjen å få ein levande og verksam gard i nærliggande framtid. Administrasjonen legg til grunn at ein gard med ønske om framtidig drift har behov for eit våningshus. Uttale og vurdering frå landbruksavdelinga med omsyn til jordlova støttar denne oppfatninga.

Landbruk la avgjerande vekt på denne driftsplanen ved sitt vedtak etter jordlova i sak 18/1789, sjå klage til PMU, datert 29.08.2018 med vedtak frå Landbruk side 6:

Vedtak

Søknad om oppføring av våningshus på gbnr 233/6 Eide vert, på bakgrunn av framlagt driftsplan, vurdert til å vera i tråd med begrepet jordbruksproduksjon i jordlova. Det vert elles synt til saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i jordlova.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det kome fram nye moment i klagen som tilseier ein anna vurdering.

Krav om dekning av sakskostnadar med vidare korrespondanse, skriv frå tiltakshavar om driftsplan samt saksframlegg i form av klage til PMU, datert 29.08.2018 med vedlegg, er lagt ved dette skriv. Resten av dokumenta er tilgjengeleg på Lindås kommune sine nettsider.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på delvis dekning av saksomkostningar - gbnr 233/6 Eide indre
Delvis innvilga dekning av saksomkostnader - gbnr 233/6 Eide indre
Krav om dekning av saksomkostnader - gbnr 233/6 Eide indre

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad som våningshus - gbnr 233/6 Eide indre

Søknad om dispensasjon - gbnr 233/6 Eide indre

Situasjonsplan

Uttale frå VA-avd.

Tilleggsdokumentasjon vedk dispensasjonssøknad - gbnr 233/6 Eide indre

Løyve til utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg.

Tilleggsdokumentasjon - gbnr 233/6 Eide indre

Sitplan

Bilde

Nabovarsel

Hustegninger, EIDE

Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - gbnr 233/6 Eide indre

Uttale - Lindås - Gnr 233 Bnr 6 - Eide indre - oppføring av enebolig - Dispensasjon

Uttale - gbnr 2336 eide indre

Klage på vedtak - gbnr 233/6 Eide indre

Vedlegg til klage på avslag på dispensasjonssøknad for oppføring av einebustad - gbnr 233/6 Eide indre

EDOCS - 1477881 - Sak 173767 - 1813625 Klage på avslag på dispensasjonssøknad for oppføring av enebolig - gbnr. 2336 Indre Eide

EDOCS - 1477932 - Sak 177367 - 1813625 - Bilder fra klage 03.07.2018

Jordlovshandsaming av søknad om oppføring av våningshus på gbnr 233/6 Eide

Forslag til driftsplan

Kopi til:

Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Ingebjørg Eide	Kalvatræ 5	5911	ALVERSUND
Ingebjørg Eide	Kalvatræ 5	5911	ALVERSUND
Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------